



Føresegner

Plan: Privat detaljreguleringsplan - Hovland - Eikefjord, del av GBN 53/10, Bustad	Planid: 20100107		
	Arkiv nr.: 18/1047		
Utarbeidet av:	Dato: 11.03.2019		
Revisjon i prosess:			
Vedtak/stadfesting:			
Avskrift:		Sign.kontroll:	
Endringer:	Saknr.	Dato:	Sign:

1. Siktemålet med planen

Formålet med planen er å legge til rette for oppføring av bustad med tilhørende anlegg.

2. Føresegner for arealformål

2.1 Busetnad og anlegg (§ 12-5 nr. 1) B

- I område B kan det innafor fastsett byggegrense oppførast einebustad eller to-mannsbustad med tilhørende uthus/garasje, total BRA 400 m². Innvendig golv 1. etg for bustadhus kan ligge på maks kote 20. Maks gesimshøgde er 8,5 m over kotehøgde for innvendig golv 1. etg. Dersom mønetak vert nytta er maks mønehøgde 9 m over kotehøgde for innvendig golv 1. etg.
- Bygg innafor området skal ha gode arkitektoniske kvalitetar og være tilpassa kringliggande bygg i høve volum, og det skal vektleggjast å bruke varige og miljøvennlige materialar.
- Det skal opparbeidast 1,5 parkeringsplassar pr bueining.
- Utforming av bygg og opparbeiding av tomt skal dokumenterast med snitt-teikningar og fasadeoppriss i høve omgjevnadane og kringliggande bygg ved søknad om byggjeløyve.
- Ved søknad om byggjeløyve må det ligge føre plan for handtering av overvatn. Planen skal ta høgde for ei framtidig auke i nedbør med 40% påslag i høve dagens nivå.

2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

- SKV er privat tilkomstveg (Hogavegen) for eigedomane langs vegen.
- I SVT kan det leggjast naudsynt teknisk infrastruktur.
- Avkøyrslar til eigedomane er markert med pil. Desse skal utformast slik at dei har tilfredstillande sikt i krysset. Desse justerast, og slåast saman i samråd med grunneigar dersom det gjev ei betre trafikal løysing

3. Rekkjefølgjeføresegner

3.1 Før rammeløyve i B

- Det er usikre grenser mellom gbnr 53/10 og naboeigedomane. Før det kan gjevast rammeløyve må grensene påvisast.

3.2 Før bustad blir teken i bruk

- Før det kan gjevast bruksløyve for bustadar i B må avkøyrsla til Hogavegen utbetrast som vist i Detaljreguleringsplan - Kvalvik/Eikefjord sentrum - GBnr 52/59,63, 194 mfl - veg og teknisk infrastruktur, planid 20160109.